



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Nils Moldøen	FE-026, FA-M50	19/238

Saksnr	Utval	Type	Dato
073/19	Formannskapet	PS	11.06.2019
044/19	Kommunestyret	PS	18.06.2019

### Endring av NGIR sin selskapsavtale

Vedlegg:

Brev til NGIR sine eigarkommunar - Vedlegg - Framlegg til endringar i NGIR sin selskapsavtale som kommunane må godkjenna

Brev til NGIR sine eigarkommunar - Vedlegg - Framlegg til revidert selskapsavtale NGIR - Gjeldande frå 010120

Selskapsavtale NGIR IKS - revidert 2018 - med folketal per 010116

Kommentarer til bestemmelsene i lov om interkommunale selskaper - Låneopptak

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune vert slått saman til Alver kommune med verknad frå 01.01.2020. Dette inneber m.a. at einskilde formuleringar i NGIR sin selskapsavtale må endrast. Det er og ynskjeleg å gjera nokre endringar i selskapsavtalen som følge av endra lovverk og/eller endra praksis.

I § 33 i NGIR sin selskapsavtale er det lista opp kva paragrafer som kan endrast av representantskapet med 2/3 fleirtal, og kva paragrafer som krev godkjenning i alle eigarkommunane. Dette er og regulert i Lov om interkommunale selskap, § 4 Selskapsavtale. For heile lovteksta, sjå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-01-29-6>.

NGIR sitt representantskap gjorde 29.10.18 vedtak om ein del endringar i selskapsavtalen, innanfor sitt mandat. Representantskapet vedtok i tillegg å råda alle eigarkommunane til å gjera vedtak om dei endringane som går fram av vedlagte endringsdokument.

Frå representantskapet sitt vedtak 29.10.18:

*"Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund vert bedne om å handsaka våren 2019, og å gjera vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak. Kommunane Lindås, Meland og Radøy vert bedne om å førebu saka for handsaming i kommunestyret i nye Alver kommune i nov./des. 2019, med vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak."*

Dei endringane kommunestyret må gjera er endringane i:

- § 2 til og med § 5



- §§ 8, 13, 24, 31, 32 og 33.

Nærare om dei ulike paragrafane.

§ 1- § 6 gjeld i hovudsak fylgjer av etableringa av Alver kommune. I § 3 er det endra lovverk eller praksis som er grunngjevinga.

§ 8 Endra tal på kven som skal oppnemna medlemmene i representantskapet. I dag har Lindås 3, Meland 2 og Radøy 2. Det er føreslått at Alver skal ha 7.

§ 13: Denne paragrafen gjeld styremedlemmer. Det er utvida kriterier for utval av styremedlemmer. Tidlegare skulle Lindås ha minst 1 styremedlem, no gjeld dette Alver. Resten er presiseringar og justering for gjeldande lovverk.

§ 24: Her er føreslått å heva beløpet NGIR kan låne frå 40 mill kr. fastsett i 1999 til 80 millionar kr. Paragrafen er justert for gjeldande lovverk.

§33: Gjeld endring av vedtekten og justert opp mot gjeldande lovverk.

## Vurdering

NGIR sin administrasjon har lagt inn kommentarar på kvifor paragrafane må endrast. Dette ligg som vedlegg i saka. Grunnane til endringane er samansette

- Etablering av Alver ved å slå saman Lindås, Meland og Radøy
- Endra lovverk som er grunnlaget for paragrafen
- Språkvask

I denne omgang vert det i hovudsak berre endra dei paragrafane som krevst på grunn av Alver-etableringa. Til dømes i paragraf 3 der namna til kommunane er lista opp, § 5 der organisasjonsnummer og folketal er lista opp. I paragraf 8 der medlemmer i representantskapet er fordelt, er talet for Alver kome fram med å legge saman tal representantar for dei tre kommunane. I den nye organisasjonen gjeldande frå 1.1.2020 har Alver med ca 77 % av folketalet 7 representantar, medan dei andre kommunane med ca. 23% av folketalet har 12 representantar til saman. Det er ikkje uventa om dette forholdet vil bli tatt opp ved eit seinare høve. Alver har òg signalisert at når dei er etablert, vil dei kome tilbake med innspel i dei ulike interkommunale ordningane.

Folkehelse: moderate konsekvensar

Miljø: eit velfungerande renovasjonsselskap har rimeleg stor innverknad på miljøet i Nordhordland

Økonomi: moderate konsekvensar

## Konklusjon

Slik rådmannen ser det er den nye selskapsavtalen ein god måte å styra selskapet på, og vil tilrå at Fedje kommune sluttar seg til det framlagte forslaget om ny selskapsavtale for NGIR.

## Forslag til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til framlegget til ny selskapsavtale for NGIR slik den ligg føre. Revidert selskapsavtale skal gjelda frå 01.01.2020 under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.



## Formannskapet - 073/19

### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til framlegget til ny selskapsavtale for NGIR slik den ligg føre. Revidert selskapsavtale skal gjelda fra 01.01.2020 under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.

Samrøystes vedteke.

## Kommunestyret - 044/19

### **K - behandling:**

#### **K - vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til framlegget til ny selskapsavtale for NGIR slik den ligg føre. Revidert selskapsavtale skal gjelda fra 01.01.2020 under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.

Samrøystes vedteke.